

Stod i Vikebladet- Vestposten 5.nov. 2009

Rasofiel

Vikebladet og lokalhistorikarar på Hareid har gjort oss kjende med Rasofiel Rise, f.1844. Han er ikkje berre den mest kjende med dette namnet, men nokså sikkert den første som brukte namnet i det heile. Ved folketeljinga i 1865 var det i tillegg 4 smågutar som hadde fått namnet, 2 på Hareid, éin i Ulstein og éin i Herøy. I 1900 hadde talet auka til 26. Men dette tel berre dei som brukte namnet som forstenamn. I tillegg var det mange som hadde dette som andrenamn, til dømes oldefar min, Elias Rasofiel Garshol (f. 1878). Utanfor Søre Sunnmøre er namnet så godt som ukjent.

Fram til nyleg stod det ein Rasofiel i telefonkatalogen. Han budde i Herøy og var kanskje den siste som brukte namnet. Eller kanskje førebels siste?

Vikebladet har ved eit par høve skrive at Rasofiel Rise var døypt Elan Rasofiel. Det stemmer med bygdeboka – men ikkje med kyrkjeboka. Son til Rasmus og Ragnhild Rise vart ført inn som **Ellian Rasophus**. Om dei endra namnet seinare, eller presten høyrde eller skreiv feil, kan vi fundere på i dag. Kanskje finst det tidfesta familienotat? Det var iallfall ikkje slik at Rasofus var eit meir vanleg namn. Det næraste vi kjem er at namnet Rafael, eller Raffel (jf. Raffelneset), var kjent på den tida.

Kyrkjebøkene er fotograferte (skanna) og bileta lagde ut på internett, så alle kan sjå dei på Digitalarkivet.no.

Ved konfirmasjonen i 1860 stod guten fremst på golvet. Han vart ført inn med namnet **Elam Rasophiel** i kyrkjeboka og **Elam Rasofiels** i klokkarboka. Både Elam og Eliam er namn i Bibelen, men ikkje Elian. Skriftforma Rasofiels (med –s til slutt) finn vi att i folketeljinga 1865, der han er ført med eitt førenamn. Han giftar seg i 1880 og er ført inn som **Elam Rasofiels** både av prest og klokkar. Etter kvart kom det 12 born. For dei første to (1880 og 82) er faren kalla Rasofiels ved dåpen, deretter Rasofiel.

Ivar Ertesvåg